

Den samiske folke­drakta

Den samiske folke­drakta er eit viktig symbol på samisk kultur og identitet. Ho er felles for alle samar i heile Sápmi.

På nordsamisk heiter den samiske folke­drakta gákti, på lulesamisk heiter ho gáppte og på sørsamisk gaeptie.

Den samiske folke­drakta har ofte skarpe fargar: raud, blå, grøn og gul.

Før i tida vart ho laga av skinn. I dag blir ho laga av ull, skinn eller bomull.

I Sápmi finst det mange ulike variantar. Fargane og mønstra kan fortelje kor ein person kjem frå. Pynten på beltet røper om dei er gift.

Vanleg tilbehør til den samiske folke­drakta er til dømes silkesjal, belter, kommagar (skinnsko) og søljer.

I dag brukar mange plagget ved høgtider, festivalar, på 17. mai og i dåp og bryllaup. Nokre brukar òg gákti i kvardagen.



Gákti, den samiske folke­drakta.

Spørsmål til teksten:

1. Kva heiter den samiske folke-drakta på samisk?

2. Kva er vanleg tilbehør?

3. Ved kva høve blir den samiske folke-drakta brukt?

4. Kvifor trur du at den samiske folke-drakta er eit viktig symbol på samisk kultur og identitet?
